

Rosendal musikklag til Siddis.

03.11.2017

Rosendal musikklag deltar laurdag på underholdningskonkurransen Siddis Brass i Stavanger. Rosendalkorpset har ein travel haust bak seg då dei også deltok i kvalifiseringa til den ledige plassen i 3.divisjon i NM. Det lukkast ikkje då dei vart nr.6 av dei 6 laga som var med. Dermed vert det 5.divisjon-deltaking i NM i februar. Siddis er ein heilt annan konkurranse, og vonleg vil dei få utteljing for den aktive øvingshausten. Korpset har gjort det godt i denne konkurransen, og i fjor fekk dei ein flott 3.plass i 3.divisjon. Vi ønskjer lukke til!

tid